

# Atomavfall

Atomkraft lagar farleg søppel.  
Det må leggjast inni fjell.  
Der må det liggje i tusen år.


SØPPEL

FARLEG

BLIR LAGRA

1000 ÅR





# Atomavfall

I Noreg har vi brukt atomkraft i 75 år. Kjernekraftverk lagar mykje straum, men det blir også farleg avfall som må behandlast rett. Noreg har nesten 17 tonn med farleg avfall, og det kan ikkje berre kastast i vanlege søppeldunkar.

Styresmaktene har derfor laga mellombelse lagringsstader for det farlege avfallet. No leitar dei etter ein trygg stad å lagre atomavfall for alltid.

Geologane sjekkar ut kvar det beste og tryggaste fjellet i Noreg er. Forskarane må vere sikre på at fjellet er sterkt og trygt nok til å ta vare på atomavfallet.


Atomavfall må lagrast i veldig lang tid fordi det kan vere farleg i mange tusen år. Den staden som til slutt blir vald ut, må kunne stå der i mange, mange år framover.

Det er ein lang prosess å byggje eit anlegg for å lagre atomavfall. Forskarane trur dei får ferdig eit lager i 2070.



Foto: Harald Hovde/TVO

I Noreg blir det lagra atomavfall mellombels på Kjeller i Lillestrøm, i Halden og i Himdalen i Aurskog-Hølen.



# Atomavfall

I Noreg har vi forska på atomkraft i 75 år. Kjernekraftverk lagar mykje straum, men det blir også farleg avfall som må behandlast rett. Noreg har nesten 17 tonn med farleg avfall, og det kan ikkje berre kastast i vanlege søppeldunkar.

Styresmaktene har derfor laga mellombelse lagringsstader for det farlege avfallet. No leitar dei etter ein trygg stad å lagre atomavfall permanent. Geologar studerer fjell og undersøker område for å finne den beste staden. Målet er å lagre avfallet trygt for alltid, utan at menneske treng å følgje med på det.

Sjølv om det er dyrt og tek lang tid å rydde opp atomavfall, er omfanget i Noreg lite samanlikna med andre land. Til dømes reknar Sverige med å ha 12 000 tonn brukt brensel frå atomkraftverka sine. Kvart land må ta ansvar for sitt eige avfall, og det er ikkje lov å be Sverige eller Finland lagre avfallet vårt.


Geologane samlar no kunnskap for å finne ut kvar det beste og tryggaste fjellet i Noreg er. Forskarane må vere sikre på at fjellet er sterkt og trygt nok til å ta vare på avfallet. Dei ser på geologien og samarbeider med kommunane. Og det er viktig å vere sikre på at løysinga som blir vald, er trygg. Atomavfall må lagrast i veldig lang tid fordi det kan vere farleg i mange tusen år. Den staden som til slutt blir vald ut, må kunne stå der i mange, mange år framover.

Det er ein lang prosess å byggje eit anlegg for å lagre radioaktivt avfall, og det kan ta mange år. Forskarane trur dei får ferdig eit lager i 2070.



Onkalo er eit finsk anlegg for lagring av brukt atomavfall frå kjernekraftverk. Anlegget blir verdas første permanente fjelldeponi for lagring av radioaktivt avfall. Onkalo ligg i Eurajoki kommune på vestkysten av Finland. Det er ca. fem kilometer frå Olkiluoto kjernekraftverk.

**I Noreg blir det lagra atomavfall mellombels på Kjeller i Lillestrøm, i Halden og i Himdalen i Aurskog-Hølen.**



# Atomavfall

Oppgåveark til leseteksten om atomavfall

1) Kvar kan ein kaste atomavfall?



2) Kor lenge må atomavfall lagrast?



3) I kva fylke er alt atomavfall i Noreg lagra mellombels?




4) Kva skjer i Eurajoki?



5) Kvifor kan ein ikkje berre lagre atomavfall i eit lagerhus?





# Miljøverngruppa Bellona oppdaga nedgrave atomavfall!

For 70 år sidan starta nokre menneske opp eit atomprogram i Noreg, men dei visste ikkje kor vanskeleg det skulle bli å bli kvitt avfallet.

Bellona er ei norsk miljøstifting som har vore leiande i arbeidet mot atomavfall. Organisasjonen har fokusert på å avdekkje og auke forståinga for risikoen knytt til atomavfall. Bellona har drive fram sikrare og meir berekraftige løysingar for handtering og lagring av radioaktivt avfall.

I 1993 oppdaga miljøaktivistar frå Bellona at det var radioaktivt søppel grave ned på ein stad som heiter Kjeller utanfor Oslo. Dei aksjonerte og inviterte pressa for å vise dei problemet. Bellona fann mange tønner med atomavfall grave ned i bakken. Dette skapte mykje bråk, og folk var sjokkerte. Endeleg skjønnte styresmaktene at dei måtte gjere noko med situasjonen.

Atomkraft er farleg fordi avfallet det skaper, er helseskadeleg. Radioaktivt avfall sender ut stråling som kan vere svært helseskadeleg for kroppen vår. Det er viktig å handtere avfallet på ein trygg måte for å verne menneske og miljø. Dessverre har vi enno ikkje funne ei perfekt løysing på korleis vi kan kvitte oss med det farlege avfallet.


Styresmaktene i Noreg jobbar framleis med å finne ut korleis ein skal handtere og lagre atomavfall på ein trygg måte for å verne miljøet og helsa vår i mange tusen år framover. Bellona følgjer nøye med på kva som blir gjort!



Namnet «Bellona» refererer til ei romersk krigsgudinne. Bellona hadde tempelet sitt utanfor Romas bymurar, og dette var staden der det romerske senatet møtte sendemenn frå framande makter.

Både gudinna og miljøorganisasjonen Bellona representerer både forhandlingar og krig.

Foto: Miljøstiftinga Bellona. Gjengitt med løyve frå eigaren.



# Miljøverngruppa Bellona oppdaga nedgrave atomavfall!

## Oppgåveark

1) Kven er leiar av Bellona?



2) Kor lenge har Bellona eksistert?



3) Kva var det Bellona oppdaga i 1993?



4) Kva for nokre andre saker er det Bellona jobbar med?

